

RESTANSELISTE VEDTAK REGIONRÅDET 2017 -2020

SAK	NAMN	VEDTAK	ANSVAR
17-17	VURDERING FELLES LEGEVAKT KVELD OG HELG	<p>Vedtak</p> <p>Sak om ev. felles legevaktordning for kveldsvakt, helgevakt skal sendast rådmannsutvalet så snart saka er klar. Saka blir teke opp i den einskilde kommune før saka ev. blir teke opp som sak i rådmannsutvalet og regionrådet.</p> <p>Vedtak:</p> <p>Regionrådet avsluttar sitt engasjement knytt til legevakt helg og kveld. Kommunane følgjer opp saka.</p>	R.rådet
32-17	UNGDOMSLOS HALLINGDAL, EVENTUEL VIDAREFØRING	<p>Regionrådet for Hallingdal ser på Ungdomslos Hallingdal som eit vellykka tiltak, som det er ynskjeleg å etablere som ei fast ordning, med ei fast stilling med ungdomslos i Hallingdal. Regionrådet for Hallingdal vil rå til at kommunane i Hallingdal dekkjer 1/3-del av kostnadane innafor ei total årleg ramme på 1. mill. kroner. Regionrådet for Hallingdal vil oppmode Buskerud fylkeskommune og NAV til å dekkje 2/3 av kostnadene.</p> <p>Vedtak: Regionrådet har avslutta saka.</p>	
33-17	REGIONAL PLAN FOR IDRETTSANLEGG	<p>1. Forslag til regional plan for ordinære idrettsanlegg med regional betydning i Hallingdal blir sendt på høyring til idrettsråda, kommunar, fylkeskommune, aktuelle organisasjonar og institusjonar. Høyringsfrist er 1.1.2018.</p> <p>2. Etter høyringsfrist skal styringsgruppa handsame innkomne uttalar, før planen blir handsama i Regionrådet for Hallingdal og vidare i dei einskilde kommunane i Hallingdal</p> <p>Vedtak:</p> <p>Seniørrådgjevaren sjekkar status i saka og melder tilbake til Regionrådet</p>	
42-17	AKTIVE LOKALSAMFUNN, BUSKERUD IDRETTSKRETS	<p>Det vart ikkje gjort vedtak, men med bakgrunn i Regionrådet for Hallingdal sine føringer i m.a. Strategisk plan for Hallingdal er det naturleg å sjå på Buskerud Idrettskrets si satsing på «Aktive lokalsamfunn», som eit konkret samarbeidsområde.</p> <p>Vedtak:</p> <p>Regionrådet har avslutta saka.</p>	

52-17	NÆRINGSVENLEG REGION, FORSTUDIE	<p>Regionrådet for Hallingdal ynskjer setja i gang forstudie med næringsvenleg region etter Innovasjon Norge sitt verktøy (NVR).</p> <p>2. Regionrådet for Hallingdal løyver inntil kr. 127.600 til tiltaket. Tilskotet blir finansiert frå regionalt næringsfond.</p> <p>3. Dagleg leiar søker Buskerud fylkeskommune om kr. 230.000 til gjennomføring av forstudie.</p> <p>4. Prosjektet skal organiserast etter prosjektplan.</p> <p>5. Forstudie skal vera avslutta juni 2018.</p> <p>Vedtak: Regionrådet har avslutta saka. Prosjektet vart ikkje gjennomført. Kr. 127 600 blir tilbakeført til disp.fond</p>	
16-18	INTERKOMMUNALT FRILUFTSRÅD	<p>Det vart drøfta om det er aktuelt med interkommunalt friluftsråd for Hallingdal. Buskerud fylkeskommune har invitert kommunar og regionråd som er interessert i meir informasjon og samarbeid om utgreiing om etablering av interkommunale friluftsråd til møte på Flå 17.4.2018. I etterkant av dette møte vil det bli vurdert nærmare om regionrådet skal ta noko initiativ.</p> <p>Vedtak: Regionrådet har avslutta saka, men vurderer å gje innspel i partnarskapsavtale med Viken</p>	
40-18	SØKNAD OM STØTTE TIL PROSJEKTET «DIGITALISERING AV OLAV SLETTØARKIVET», FORMIDLING AV DIGITALISERT MATERIALE	<p>Vedtak</p> <p>1. Regionrådet for Hallingdal gir avslag på søknad frå Olav Sletto-selskapet om støtte til formidling av digitaliserte materiale.</p> <p>2. Regionrådet for Hallingdal vil ta initiativ til ei vurdering av eit felles prosjekt/tiltak knytt til formidling av immateriell kulturarv i Hallingdal.</p> <p>Vedtak: Regionrådet har avslutta saka.</p>	